



Til
Hovudutvalet for opplæring
Vestland Fylkeskommune

VI TRENG DANS OG DRAMA VED FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE

Musikk, dans og drama ved Firda vidaregåande skule er ein kulturinstitusjon i seg sjølv for Nordfjord, Sogn og Sunnfjord, der unge menneske gjennom årtier har fått utvikle seg som musikkarar, songarar, skodespelarar og dansarar gjennom tre viktige år, før mange av dei har gått vidare med høgare studiar og ein kunstnarisk yrkesveg.

Med forslag frå fylkesdirektøren om å legge ned Dans og drama ved Firda vidaregåande skule, vil dei ungdommane som drøymer om vidare utdanning som dansar eller skodespelar, miste eit avgjerande tilbod på vegen mot ei potensiell yrkeskarriere. Ein må då til Bergen for å få det same tilboden, men det kan vel ikkje vere plass til alle som vil gå på Dans og drama i Bergen?

Både Teater Vestland og Opera Nordfjord har hatt store og viktige samarbeid med Firda VGS. Eit godt døme er Teater Vestland og Firda sitt samarbeid med *Nasjonal Prøve* i 2018 der profesjonelle skodespelarar og regissør jobba saman med elevar på skulen i eit heilt år til mindre, kortare prosjekt. Opera Nordfjord har hatt store musikalske samarbeid med Firda vgs sidan 2003, med omfattande fellesprosjekt, først og fremst med musikklinja, og det er lett å sjå at om ein fjernar Dans og drama, er det fare for at musikk følgjer etter. Vi har fått oppleve kva sterke, kunstnariske opplevingar gjer med ungdommane, frå dei aller første, famlande øvingane, der alt virkar umogleg, til premieredag, meistring, skaparglede og skjellsettande musikkopplevingar som sit i ryggrada resten av livet. Dramalinja sikrar også at det er mogleg for talent frå Sogn og Fjordane å fordype seg i teater i tre år og dette har ført til at vi i dag har store skodespelarar frå Sogn og Fjordane.

I ei tid der det er lett på kutte alt som ikkje er «naudsnyt» for å spare pengar, er det viktig å halde fram kunsten og kulturen som viktige verdiberarar, som vi skal verne om, utvikle og styrke, for å ha ei godt samfunn å trivast og vekse i. Kulturfaga har ei stor oppdragarrolle for dei unge elevane – kunsten utfordrar, inkluderer, inspirerer, gir vekst og mening.

Heile utdanningpyramiden er basert på at det finst tilbod i distrikta, frå kulturskule, 4H og revygrupper til Musikk, dans og drama på vidaregåande, før ein går vidare i elitedivisjonen og søker høgare utdanning og ei profesjonell karriere. Og, uansett om ikkje alle vert profesjonelle utøvarar, har dansen og dramaet vore viktig for utvikling av tenkande, heile menneske; den kunnskapen vil ein ta med seg vidarei livet og inn i annan yrkesveg.

Det profesjonelle kulturlivet i Noreg er heilt avhengig av sterke utdanningsløp for talentfulle, skapande ungdommar. Vi ønskjer at musikkarar, skodespelarar og dansarar som gjer seg gjeldande på norske konsert-, teater- og dansescener i framtida fortsatt skal komme frå HEILE Vestland fylke, ikkje berre frå Bergen og landet elles.

Nordfjordeid, og Førde den 05.04. 2024

Med helsing

Kari Standal Pavelich
Operasjef, Opera Nordfjord

Cecilie Grydeland Lundsholt
Teatersjef, Teater Vestland